
NYNORSK

Lånekassen



2007–2008

Nyttige tips til nye kundar

Velkomen til Lånekassen

Du har no blitt kunde i Lånekassen. Her ser du korleis du sjølv kan finne svaret på det du lurer på.

Kor mykje får eg?

Kor mykje du får i stipend og lån frå Lånekassen varierer etter kva for utdanning du tek og kvar i verda du tek ho. Prøv støttekalkulatoren på www.lanekassen.no. Det er enkelt, raskt og tenesta er open heile døgnet.

Når får eg svar på søknaden?

Vi behandlar alle søknader etter kvart som dei kjem inn. Du kan sjølv sjekke behandlingstida på Dine sider på www.lanekassen.no eller ved å ringe Kassafonen, tlf 04545. Tips! Legg inn mobilnummeret ditt på Dine sider, så får du informasjon om behandlingstid og utbetaling på SMS eller e-post heilt gratis!

Korleis får eg pengane mine?

Går du på universitet, høgskole, er lærling eller skal studere i utlandet, får du gjeldsbrevet/stipendmeldinga heim i posten. Er du elev eller student ved ei anna utdanning, hentar du gjeldsbrevet/stipendmeldinga på lærestaden din. Etter at du har signert og sendt det til Lånekassen, får du pengane rett på konto.

Meld frå om endringar

Det er viktig at du melder frå om

- avbrot eller pausar i utdanninga
- endringar i studieplanen din
- endring av adresse eller sivilstand
- forseinking i utdanninga dersom du studerer i utlandet

Dersom du ikkje melder frå om endringar, kan det få konsekvensar for kor mykje støtte du får. Du kan også miste retten til vidare støtte. Lånekassen har gode ordningar ved sjukdom, fødsel eller forseinking.

www.lanekassen.no

Søk støtte på nettet

Er søknaden min ferdigbehandla?

Kundeforholdet mitt – hugs PIN-kode




Aktuelt akkurat no

Hvor mykje får eg?

Eg vil ut i verda

Finn svaret på Dine sider



På Dine sider kan du

- sjå når søknaden din blir behandla
- sjå kor mykje pengar du får
- bestille ny PIN-kode på SMS
- endre kontonummer
- legge inn postadresse
- lese brev frå Lånekassen

Ta vare på PIN-koden din

Du treng PIN-koden når du skal bruke Dine sider og Kassafonen, tlf 04545. Legg du inn mobilnummeret ditt på Dine sider, kan du få koden på SMS.

Få nyttig informasjon på SMS eller e-post

Legg inn mobilnummeret ditt og e-postadressa di på Dine sider, så kan du få melding når søknaden din er behandla og om mykje anna. Tenesta er gratis.

Design: Sissel Sandve Illustrasjon: Ray Smith Trykkeri: Stens trykkeri AS Vt 3533N Opplag: 10 000 04.2007